

- utforming av førebuiingsdelen til gudstenesta (HG ledd 1)
- kva samlingsbøner som skal brukast til kva type gudsteneste (HG ledd 4)
- bruk av dåpslys (D III)
- når i gudstenesta det fulle namnet til dåpsbarnet/dåpskandidaten skal nemnast (HG ledd 1, 16 og D I)
- plassering og val av syndsvedkjenning(ar) til kva type hovudgudsteneste (HG ledd 5 eller 17)
- val av variantar av Kyrie og Gloria (HG ledd 6 og 7)
- bruk av ulike litani (HG ledd 6 og 18)
- om og eventuelt når ein skal bruka Dagens bøn (HG ledd 8)
- kor mange tekstlesingar det skal vera i dei ulike typane hovudgudstenester (HG ledd 9–11)
- bruk av den apostoliske og/eller den nikenske truvedkjenninga ved høgtider og andre gudstenester (HG ledd 14)
- om det skal vera kunngjeringar i gudstenesta –i byrjinga av forbønsdelen eller ein annan stad (HG ledd 16)
- kvar ein skal plassera eventuelle vitnemål, helsingar og forbønsønske
- val av forbøner og kyrkjelydssvar (HG ledd 18)
- om ein skal bruka ordninga med å minnast dei døde og be for dei sorgjande etter forbøna (HG ledd 18)
- plassering og måtar å samla inn takkofferet på (HG ledd 19, 20 eller 27)
- val av offerformål (kl § 9 tredje ledd)
- frambering av nattverdsgåvene (HG ledd 20)
- val av druevin, kvit eller raud, avalkoholisert eller alkoholhaldig (pkt. 34)
- bruk av syra eller usyra brød eller oblatar (pkt. 33)

- utdelingsstad ved nattverden (ved altarringen eller ein annan stad i kyrkjerommet) (pkt. 35, HG ledd 21)
- utdelingsform ved nattverden (pkt. 35, HG ledd 22)
- tekstform i Fadervår (HG ledd 21)
- bruk av den andre delen i Fredshelsing (HG ledd 22)
- bruk av kyrkjeklokkene (pkt. 50)
- val av godkjende serier med liturgisk musikk til desse ledda: Bønerop (Kyrie), Lovsong (Gloria), Halleluja (ledd 12), Truvedkjenning (Credo), Kyrkjelydssvar (Forbøn), Helsing (Prefasjonsdialog), Heilag (Sanctus), Fadervår, Du Guds Lam (Agnus Dei), Velsigning
- om truvedkjenninga skal lesast og/eller syngjast
- om Fadervår skal lesast og/eller syngjast